



Kvinnherad kommune  
Rosendalsvegen 10  
5470 Rosendal  
Att: Hildegunn Furdal

Sandslihaugen 30  
5254 Sandsli  
Postboks 7900  
5020 Bergen

Tlf: +47 41 20 61 32  
nestas@tryggtrafikk.no  
www.tryggtrafikk.no

Referanse:  
Knut Olav Røssland Nestås

Dato:  
23.04.2021

## Høyringsinnspel til kommunedelplan for trafikktrygging 2021-2028

Trygg Trafikk takkar for motteke brev om høyringsrunde kring revidering av kommunedelplan for trafikktrygging, og ynskjer med dette å gje følgjande innspel:

Innleiingsvis er det verd å nemna at Trygg Trafikk særleg legg vekt på at gode kommunale trafikksikringsplanar må sikra å dekkja både nasjonale og regionale målsetjingar og føringar, samt ha eit breitt fokus på både ikkje-fysiske og fysiske tiltak. Trygg Trafikk har delteke i arbeidet og er imponert over arbeidet Kvinnherad kommune har gjort. Me meiner òg at nytt framlegg til trafikksikringsplan tek godt i vare det som er av regionale og nasjonale målsetjingar, i tillegg til å vera ein relevant plan for lokalmiljøa.

### Lokal innsats er viktig for å nå nasjonale målsettingar

*Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2018-2021* er forankra i Nasjonal transportplan 2018-2029, og inneheld satsingsområde og tiltak som skal sørgja for at dei nasjonale målsettingane etter *nullvisjonen* vert nådd. Det er av stor betydning at også kommunane bidreg til at me saman kan nå desse måla. Trygg Trafikk har utarbeidd eit ressursdokument til kommunale trafikksikringsplanar, der det vert vist korleis ein med kommunale tiltak kan bidra til å nå måla for dei ulike satsingsområda. Av tretten innsatsområde i planen, har Trygg Trafikk utarbeidd konkrete, kommunale tiltak for elleve av dei. Me ser at Kvinnherad kommune har vore vel vitande om denne malen og utarbeidd konkrete framlegg til eit tverrfagleg og breitt trafikksikringsarbeid i komande planperiode. Det verkar lovande. Me vonar kommunen får høve til å evaluera dette arbeidet gjerne årleg i planperioden, for å sikra oppfølging av viktig arbeid. Me ser òg at kommunen ynskjer å jobba med regodkjenning som Trafikksikker kommune i planperioden, og veit at innleiande arbeid



alt er i gang. Planen er eit godt utgangspunkt for vidare arbeid og me ser fram til vidare samarbeid med Kvinnherad kommune!

Ta kontakt om noko er uklart eller om de ynskjer meir informasjon.

Med venleg helsing

**Knut Olav Røssland Nestås**  
Regionleiar Vestland

**Trygg Trafikk** | Sandslihaugen 30, 5254 Sandsli | Postboks 7900, 5020 Bergen  
[nestas@tryggtrafikk.no](mailto:nestas@tryggtrafikk.no) | Mobil: 412 06 132 | Org.nr.: 970 133 410